

Signeringsinformasjon

Side 1/1



Protokoll: Time kyrkjelege fellesråd onsdag 28. januar 2026

Navn	Signert med	Tidspunkt
Lars Tore Helgeland	BankID OIDC High	2026-02-04 13:17:34
Tordis Sandvik	BankID OIDC High	2026-02-03 11:10:32



Dette dokumentet er elektronisk forseglet og inneholder elektroniske signaturer

Møteprotokoll

Råd: Time kyrkjelege fellestråd

Dato og tid: 28.01.2026, 14:00

Stad: Møterom kontor BryneTKF

Saksmappe: TKF2026-9

Til stades: Willy Finnbakk (leiar), Lars Tore Helgeland (Nestleiar), Jostein Aarbakke Tollaksen (sekretær), Ivar Risa (Medlem), Jan Erik Brudeli (Medlem), Lars Sigurd Tjelle (Medlem), Sverre Risa (Medlem), Tordis Sandvik (Medlem), Siri Vik (Andre innkalte)

Forfall: Iren Lassen (Medlem)

Protokollfører: Jostein Aarbakke Tollaksen

Sakslista

Faste Saker

001/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Møtesaker

002/26 Tertialrapport 3. tertial 2005

003/26 Budsjett 2026

004/26 Barnehagen i Brynekyrkja - status

Orienteringssaker

00001 Undheim kyrkje og Bedehus - framtidsscenario

00002 Nytt inngangsparti i Brynekyrkja

00003 Mulighetsstudie for kirkekontor og hotell på Carlseneigedommen

00004 Registrering i Brønnøysund - endring fra jan 2026

Lars Tore Helgeland
Nestleiar

Tordis Sandvik
Medlem

001/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Siri Vik	28.01.2026	001/26

Saksframlegg

Godkjenning av innkalling og sakliste

Forslag til vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjent

Vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjent

002/26 Tertialrapport 3. tertial 2005

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Siri Vik	28.01.2026	002/26

Saksframlegg

Fellesrådet.

Tertialrapporten for 3. kvartal er ganske ufullstendig då det er mykje som forsatt ikkje er ført. Bl. a. fylgjande posteringar:

- Rentekostadar lån stipulert kr. 380.000
- Overføring til disp.fond gravplass kr 383.000
- Overføring til disp.fond trusopplæring stipulert kr. 220.000
- Kursgevinst (bruk av Heimlyfond) - kr. 180.000
- Lønnsrefusjon frå sokneråd desember stipulert - kr. 130.000

Tek ein omsyn til dette kan det sjå ut om me vil enda på eit meirforbruk på omlag 320.000 som skyldast betydeleg høgare pensjonskostnadar enn budsjettert.

Dei samla pensjonskostnadane viser seg å liggja på rundt 22 % i staden for 16,5 % som budsjettert etter råd frå vår pensjonskontakt i KLP i januar -25.

Barnehagen.

Barnehagen ligg og an til å gå med eit betydeleg større meirforbruk enn budsjettert på grunn av høge pensjonskostnadar. Elles er forbruket godt i tråd med budsjettet.

Forslag til vedtak

Fellesrådet tek tertialrapporten til etterretning.

Vedtak

Fellesrådet tek tertialrapporten til etterretning.

003/26 Budsjett 2026

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Siri Vik	28.01.2026	003/26

Saksframlegg

i fylgje økonomiforskrifta skal kyrkjeleg fellesråd vedta årsbudsjettet innan byrjinga av året eller seinast ein månad etter at kommunen sine løyvingar er gjort kjent.

Budsjettet er delt inn i 8 forskjellige områder kalla tenester

Teneste	Tittel	Hovudinntektskjelde
1100	Adminstrasjon	Kommunalt tilskot
1200	Kyrkjer	Kommunalt tilskot
1300	Gravplass	Festeavgift
1400	Kyrkjeleg verksemd	Sokneråda og bispedømme
1412	Konfirmantarbeid	Kommunalt tilskot, konfirmantavgift/eigenbetaling
1413	Kyrkjeleg undervisning og læring (trusopplæring)	Bispedømmerådet, tilskot frå organisasjonar og sokneråda
1480	Helgedagen (kyrkjelydsblad)	Annonser og gåver

Drift:

Budsjettforslaget er lagt opp utan større endringar frå fjoråret og halde på eit nøkternt nivå.

Den største utgiftsposten er lønnskostnadar. 65 % av kommunalt tilskot går til dekking av stillingar dekkja av kommunale midler. I tillegg dekkar statlege tilskot og gjevartene lønnskostnadar for fleire stillingar. 13,65 % av kommunalt tilskot vert overført til Frøyland - Orstad kyrkjelyd via Klepp kyrkjelege fellesråd.

For å dekkja inn kostnadane er det lagt opp til uttak frå Skagenfondene med kr. 160.000 i tillegg til 200.000 frå Heimlyfondet til dekking av deler av diakonstilling.

Etter å ha saldert rekneskapet for 2024 står det kr. 218.000 på disposisjonsfondet.

Disposisjonsfond til konfirmantarbeidet, gravplassforvaltninga og kyrkjeleg undervisning og læring har ei behalding på 800.000 og barnehagen i Bryne kyrkje 270.000.

Fellesrådet har i tillegg to bunde fond plassert i Skagenfondene:

Fellesrådet kr. 490 000.

Heimlyfondet kr. 2.500.000 (her kan avkastning brukast til diakonale formål)

Som tertialrapporten viser vil mesteparten av barnehagen sitt disposisjonsfond bli brukt opp for å dekkja meirforbruk i 2025. I tillegg har fellesrådet ei stor utfordring med å dekkja inn meirforbruk i Undheim barnehage før kommunen overtok den i april, samt eige meirforbruk i 2025.

Ein stor del av disposisjonsfondet er gått til dekking av meirforbruk på barnehagedrift og forprosjekt ny barnhage/ utviding av Bryne kyrkje.

Slik den økonomiske situasjonen er nå bør rådet vurdere korleis ein på sikt kan redusere kostnadane.

Investering:

For Bryne kyrkje er det satt av midler til ombygging av lyspendlane. For Time er det planlagt utskifting av eit vindu mellom kyrkja og kyrkjetoget inkl. påfallande arbeid. På gravplassane planlegg me å få opp skilt med

kart over felta og ev. digitalisering av karta.

Forslag til vedtak

Fellesrådet godkjenner både driftsbudsjettet og investeringsbudsjettet slik det ligg føre.

Vedtak

Fellesrådet godkjenner både driftsbudsjettet og investeringsbudsjettet slik det ligg føre.

004/26 Barnehagen i Brynekyrkja - status

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Jostein Aarbakke Tollaksen	28.01.2026	004/26

Saksframlegg

0. Bakgrunn

Små ideelle barnehagar utgjør ein viktig del av barnehagetilbodet i Noreg. Dei bidreg til mangfald, lokal forankring og ein høg grad av ideell, verdibasert drift. Samstundes viser nyare gjennomgangar at desse barnehagane står overfor betydelege strukturelle og økonomiske utfordringar samanlikna med større kjeder og kommunale verksemder.

Både nasjonale utgreiingar og lovforslag peikar tydeleg på behovet for endringar i styring, finansiering og føreseielegheit i sektoren.

Barnehagen i Bryne kyrkje – historikk, status og rammevilkår

1. Innleiing

Denne infosaka gir ei samla oversikt over drift, historikk, rammevilkår og status for Barnehagen i Bryne kyrkje, ofte omtalt som Barnehagen i Brynekyrkja. Barnehagen er ein del av verksemda til Time kyrkjelege fellesråd og har vore i kontinuerleg drift sidan 1980.

2. Historikk

2.1 Grunnlegging og tidleg drift

- Barnehagen opna i august 1980 i delar av kjellaren i Brynekyrkja.
- Ho vart etablert som ein del av kyrkja si verksemd, med ein tydeleg kristen pedagogisk profil gjennom bibelforteljingar, songar, høgtidsmarkeringar og kvardagspraksis.
- Drifta har sidan starten vore eigd av Time kyrkjelege fellesråd.

2.2 Offisiell registrering

- I 1989 vart barnehagen formelt stifta som privat barnehage og fekk eige organisasjonsnummer, sjølv om verksemda allereie hadde fleire års drift bak seg.

3. Rammer, innhald og drift

3.1 Pedagogisk profil og mål

- Barnehagen har 24 plassar for barn i alderen 1–5 år.
- Verdigrunnlaget byggjer på trivsel, tryggleik, meistring og kristen forankring.
- Særleg vekt på:
 - sosial kompetanse og vennebygging
 - språkstimulering
 - trygge relasjonar
 - sunt kosthald

3.2 Opningstid og organisering

- Opningstid: 07.30–16.30, måndag til fredag.
- Barnehagen deltek i kommunalt opptak via Time kommune.
- Personalet har over tid vore stabilt, med ca. 5,1 årsverk inkludert pedagogiske leiarar og primærkontaktar.

3.3 Lokalar og nærmiljø

- Barnehagen held til i kjellararealet under Brynekyrkja, med korte avstandar til mellom anna Mølledammen, Sandtangen og biblioteket, som vert nytta aktivt til turar og aktivitetar.

4. Oversikt over utviklinga

År	Hendelse
1980	Opning av barnehagen i kjellaren under Bryne kyrkje
1989	Offisiell stifting som privat barnehage, eige organisasjonsnummer
2000-talet	Vidare utvikling med særleg fokus på språk, sosial kompetanse og helsefremjande arbeid
I dag	20 barn, 4,5 årsverk, 7-8 tilsette, del av kommunalt opptakssystem

5. Noverande status

5.1 Areal, drift og foreldrebetaling

- Ophaldsareal: 104 m², tilsvarende 5,2 m² per barn.
- Dette ligg på nivå med gjennomsnittet i Time kommune og over Utdanningsdirektoratets rettleiande norm for barn over 3 år.
- Foreldrebetaling skjer etter nasjonale satsar.
 - Makspris 2025: kr 3 000
 - Makspris frå 1. august 2024: kr 2 000
 - Makspris frå 1. august 2025: kr 1 200
 - Kostpengar: kr 360 per måned

5.2 Personalressursar

- Barnehagen har 7-8 tilsette.
- Barnehagen har i 2025 drive på dispensasjon frå pedagognormen då ein ikkje har hatt nok kvalifiserte pedagogiske ressurser, sjølv om det har vore fleire utlysingar
- Ingen dispensasjonar frå bemanningsnormene.
- Ingen mannlege tilsette (kommunesnittet er 7,2 % menn).

Fordeling av utdanning:

- Barnehagelærarar: 38,6 %
- Anna høgare utdanning: 18,2 %
- Anna fagarbeidarutdanning: 18,2 %
- Anna bakgrunn: 25 %

Stillingsfordeling

Styrere	0,7 årsverk
Pedagogiske ledere	2 årsverk
Annen grunnbemanning	2,4 årsverk
Administrativt/merkantilt personale	0 årsverk
Vaktmester, rengjøring og kokk	0 årsverk
Læringer (m.m)	0 årsverk

5.3 Barn i barnehagen

- 20 barn, alderen 1–5 år.

- 10 minoritetsspråklege barn (50 %). Kommunesnittet er 11,8 %.
- Ingen barn med vedtak om spesialpedagogisk hjelp.
-

6. Foreldreundersøkinga

Resultata frå foreldreundersøkinga (18 svar) er svært gode:

Tema	Skår (av 5)
Barnet si trivsel	4,9
Relasjon barn–vaksen	4,9
Barnets utvikling	4,9
Informasjon	4,7
Medverknad	4,6
Henting og levering	4,7
Ute- og innemiljø	4,4
Tilfredsheit totalt	4,9
Tilvenning/skolestart (10 svar)	4,6

- Tilfredshet totalt 4,9 fra 18 svar

7. Pensjonstilskot – forskriftsendring 2025

Det er innført nye og meir rettferdige rammevilkår for barnehagar med offentlig tenestepensjon.

Regjeringa vedtok 22. desember 2025 ei forskriftsendring som:

- gir eit pensjonstilskot på inntil 20 % til barnehagar med offentlig tenestepensjon (gjeld også KAs medlemsbarnehagar),
- innfører ei ny søknadsordning for pensjonstilskot,
- inkluderer ein særregel for barnehagar med historiske pensjonsforpliktingar.

Dette gjev betre økonomisk berekraft for kyrkjelege barnehagar og reduserer risikoen for at kostnader knytte til pensjon påverkar kvalitet eller stillingsressursar.

8. Oppsummering historikk, status og rammevilkår

Barnehagen i Bryne kyrkje er ein tradisjonsrik og veldriven barnehage med:

- stabil drift sidan 1980
- kristen pedagogisk profil
- høg foreldretilfredsheit
- god bemanning og kompetanse
- høg andel minoritetsspråklege barn
- betra økonomiske rammer etter forskriftsendring om pensjonstilskot

Barnehagen er ein viktig del av Brynekyrkja si verksemd og eit betydeleg tilbod for lokalmiljøet.

Som innleiinga viser, har barnehagen i Brynekyrkja ei lang, god og innhaldsrik historie. Ho har i mange tiår vore ein viktig del av trusopplæringa og formidlinga av kristen tru og tradisjon på Bryne.

Barnehagen skårar høgt på tilfredsheit og har vore med på å gi mange «unge brynebuar» ein god start i livet. Personalet, med Rut Steinbru i spissen, har gjort ein formidabel innsats for å skapa ein god barnehage sjølv med små ressursar og med rammevilkår som kanskje tilseier at barnehagen over tid ikkje har vore økonomisk berekraftig.

Utfordringar for små barnehagar – sårbarhet.

Økonomiske utfordringar

Fleire utgreiingar viser at små og ideelle barnehagar i aukande grad driv med underskot, medan store private kjeder har solide driftsmarginar. Dette kjem mellom anna av:

- manglande skalafordelar
- fallande barnetal i mange kommunar
- aukande kostnader til bemanning og kompetanse
- underfinansiert bemanningsnorm [fagforbundet.no]

Endringar i pensjonspåslaget (frå 13 % og ned mot 10 %) og mangelfulle rettleiingar for søknad om dekning av faktiske pensjonskostnader gjer situasjonen endå meir krevjande. Små ideelle barnehagar får i praksis ikkje dekt sine reelle kostnader når kommunane sine pensjonsutgifter er svært låge. [utdanningsnytt.no]

Kompliserte tilskots- og rapporteringssystem

Ifølgje Storberget-utvalet og seinare vurderingar er finansieringssystemet for private barnehagar:

- lite transparent
- administrativt krevjande
- lite tilpassa små aktørar
- ikkje godt nok innretta mot kvalitetssatsing utover nasjonale minstekrav

Små ideelle barnehagar har ofte avgrensa administrative ressursar og blir dermed ekstra belasta av dagens rapporteringskrav.

Fallande barnetal

Mange kommunar opplever nedgang i fødselstalet, og dermed behov for færre barnehageplassar. Dette skapar press på drift og økonomi, og rammar små barnehagar spesielt hardt sidan dei ikkje har moglegheit til å fordele risiko eller tilpasse kapasitet i større skala.

Nye lovforslag og større kommunal styringsrett

Forslag til endringar i barnehagelova gir kommunane auka myndigheit til å styre etablering, tilskot, opningstider og bemanningskrav. Kommunen kan også prioritere ideelle barnehagar, noko som kan vere positivt, men samstundes inneber dette større uvisse sidan kommunen kan vurdere at barnehagen ikkje lenger er nødvendig for kapasiteten i kommunen.

Rekruttering og kompetansekrav

Regjeringa sine ambisjonar om å styrkje bemanning, kompetanse og leining er viktige for kvaliteten, men krevjande for små aktørar som har mindre fleksibilitet og færre ressursar til rekruttering og kompetanseheving.

Oppsummert

Små ideelle barnehagar slik som Barnehagen i Brynekyrkja står i ein krevjande situasjon prega av økonomisk press, nye og meir komplekse regelverk og sterk konkurranse frå store kjeder. Samstundes er desse barnehagane viktige for lokalt mangfald, ideell drift og kvalitet for barn og familiar.

Utan tydeleg politisk vilje og konkrete grep både lokalt og nasjonalt risikerer sektoren at mange små ideelle barnehagar blir fasa ut.

Me lever i ein røyndom der forhold og rammevilkår endrar seg, og som vi alle blir påverka av – uavhengig av om vi har høve til å påverka dei eller ikkje.

Utfordrande

Dei siste åra har vore økonomisk krevjande då personalet har vore knytt til ei pensjonsavtale som er kostbar, men som vi er pålagde å ha. Dette er positivt for dei tilsette, men krevjande i tronge økonomiske tider.

Me har ikkje fått full økonomisk kompensasjon for pensjonsutgiftene våre, og desse ekstrautgiftene har vore dekte av at vi i 2021 fekk ei ekstratilddeling som var retta mot små barnehagar som ei ekstra kompensasjon. Denne ekstratilddelinga har vore med på å halda barnehagen flytande, saman med stor nøysomheit og kreativitet frå personalet. I løpet av komande år vil denne reseveren vere bruk opp, og eventuelt meirforbruk må dekkast av fellesrådet som eigar av barnehagen.

Eit anna moment som er felles for små barnehagar, er utfordringar med få kvalifiserte søkjarar i rekrutteringsprosessar. Vi vil i inneverande år få to sentrale personar i personalet som har gitt beskjed om at dei ønskjer å gå av med AFP. Dette gjeld mellom anna styrar gjennom mange år, Rut Steinbru.

Ved vidare drift vil me gå inn i ein mogleg krevjande rekrutteringsprosess. Denne kan vere noko enklare for styrarstillinga enn for andre stillingar. Me har pr. dato ute ein utlysing på ped.leiar (den stillinga der vi har disp. i dag). Det er ikkje høve til å søkje ny disp. dersom ikkje stillinga har vor utlyst. Det er så lang ikkje søkjarar til stillinga.

Lokala i Brynekyrkja som huser barnehagen har vor meir eller mindre uendra sidan starten. Dette kombinert med at kyrkja hadde behov for å få attende desse lokal til kyrkjeleg bruk, har gjort at Fellesrådet har vore involvert i, og tatt initiativet til ulike

byggjeplaner for ny barnahagen dei seinaste åra. På Nordheim, på Stemmen og no til sist på Carlseneigedommen. Alle desse prosjekta har stranda i tur og orden av ulike årsaker. Dei ha også påført fellesrådet ikkje ubetydelege kostnader, og gjer det fortsatt. (jfr. tidlegare info om Carlseneigedommen)

Diskusjon

Vi er no ved eit vegskilje der det vil vere føremålstenleg å ta ein større, prinsipielt forankra diskusjon i rådet om vidare drift av barnehagen i Brynekyrkja.

Barnehagen har ei lang og god historie, og eit oppdrag som er like aktuelt i dag som før. Barnehagen bidreg til mangfald, lokal forankring og ein høg grad av ideell, verdibasert drift. Han ivaretek på ein svært god måte born frå ei mangfaldig og sårbar gruppe.

Ein del av dei økonomiske rammene som kan gjere lønsam drift mogleg, ser ut til å falle på plass dette året. På den andre sida vil barnehagen framleis vere ein liten – svært liten, og den minste i Time kommune – og dermed ha dei same vedvarande utfordringane knytte til drift.

Det same gjeld det forholdet at drifta er administrativt ressurskrevjande når vi berre eig éin barnehage, og likevel blir belasta med dei same rapporteringskrava som større aktørar som kan drive meir effektivt. Dette vil òg gjelde i samband med rekruttering.

Eit nybygg som potensielt kunne huse ein større barnehage – opp til 65 barn – er av kommunen skyvd ut på ubestemt tid, og framstår no som ganske urealistisk både på kort og lengre sikt.

Udekkka kostnader fellesrådet har med Carlseneigedommen beløper seg til ca. 250-300' i året.

I denne diskusjonen må me også alltid ha for auge dei tilsette og kva våre val får å seie for dei.

Uansett utfall av diskusjonen må me tilstrebe å ivareta dei på best mulig måte.

Forslag til vedtak

Alternativ 1

Fellesrådet ønskjer å drive barnehagen vidare og ber administrasjonen planleggje for rekruttering av ny styrar og sikre pedagogisk leiar utan behov for dispensasjon.

Alternativ 2

Fellesrådet er usikre på korleis den økonomiske røyndomen blir med nye rammeføresetnader knytte til dekning av pensjonskostnader, og ønskjer å drive vidare fram til sommaren 2027 for å få oversikt over dei økonomiske konsekvensane. Dette inneber at nytt personale må rekrutterast sjølv om det kan bli kortvarig, og vil føre til auka forpliktingar framover.

Alternativ 3

Fellesrådet meiner at det, sett i lys av framleis uvisse kring økonomi, administrativ belastning, utfordringar med rekruttering og manglande vilje og evne til naudsynt utviding av barnehagen, no er eit høveleg tidspunkt, og "gunstig tidspunkt" å avvikle barnehagedrifta i Brynekyrkja. På grunn av ei viss vakanse i stillingar vill dette berører færre tilsette på dette tidspunktet. Rådet ber kyrkjeverja arbeide for at dei tilsette som blir råka av denne avgjerda, blir ivaretekne på best mogleg vis.

Vedtak

Alternativ 3

Fellesrådet meiner at det, sett i lys av framleis uvisse kring økonomi, administrativ belastning, utfordringar med rekruttering og manglande vilje og evne til naudsynt utviding av barnehagen, no er eit høveleg tidspunkt, og "gunstig tidspunkt" å avvikle barnehagedrifta i Brynekyrkja. På grunn av ei viss vakanse i stillingar vill dette berører færre tilsette på dette tidspunktet. Rådet ber kyrkjeverja arbeide for at dei tilsette som blir råka av denne avgjerda, blir ivaretekne på best mogleg vis.

Vedtaket var einstemmig.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	28.01.2026	00001

00001 Undheim kyrkje og Bedehus - framtidsscenario

Informasjon

Kontaktmøte mellom husstyret og fellesrådet om utfordringer knytt til rekrutering til drift av kyrkje

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	28.01.2026	00002

00002 Nytt inngangsparti i Brynekyrkja

Informasjon

Vidare framdrift - felles prosessdokument frå sokneprest og kyrkjeverje

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	28.01.2026	00003

00003 Mulighetsstudie for kirkekontor og hotell på Carlseneigedommen

Informasjon

På oppdrag frå Fellerådet og Hotell Jæren Eiendom AS har Reier Carlsen gjennomført ein "mulighetsstudie" for å kartlegga samanfallande interessar mellom kyrkja og hotellet for nybygg på Carlseneigedommen. Bygget skal dekkja fellesrådet sitt behov for kontor og hotellet sitt behov for ekstra hotellrom.

Førebels utrekningar tyder på at begge desse behova kan løysast.

Hotell Jæren eiendom AS ser på kalkylegrunnlag og kjem tilbake til rådet med meir info med det aller første.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	28.01.2026	00004

00004 Registrering i Brønnøysund - endring fra jan 2026

Informasjon

I Brønnøysundregistrene (Enhetsregisteret) er soknet og kirkelige fellesråd registrert med egne organisasjonsnummer.

Det er registrert opplysninger med de samme betegnelser som for selskaper eller foreninger. Det vil si at det er registrert for eksempel styremedlemmer og daglig leder.

Medlemmene og varamedlemmene i menighetsrådet skal derfor registreres som soknets styremedlemmer og varamedlemmer, mens medlemmene og varamedlemmene i kirkelig fellesråd, skal registreres som styremedlemmer og varamedlemmer i kirkelig fellesråd.

Nytt fra 1. januar 2026

- Varamedlemmer skal være registrert. Alle må derfor registrere alle sine varamedlemmer i menighetsråd og fellesråd. Disse varamedlemmene må så bekrefte at de har påtatt seg denne rollen. Det gjøres som regel ved at de får en forespørsel via Altinn.
- Det vil ikke lenger være mulig å registrere nesteleder i Enhetsregisteret. De som i dag har registrert nesteleder trenger ikke gjøre noe. Nesteleder vi bli omdefinert til styremedlem. Det har ingenting å si for rollen som nesteleder. Den følger av kirkens egne regler, men skal altså ikke lenger registreres i Brønnøysund.
- Flere må bekrefte at de påtar seg nye roller. Dersom det gjøres endringer i det registrerte vil de nye rollene måtte bekreftes. Dette gjelder blant annet alle styremedlemmer, varamedlemmer og daglig leder, i tillegg til revisor og eventuelt regnskapsfører. Dette vil også skje automatisk via Altinn.
- Brønnøysundregistrene endret praksis i 2025, slik at det nå kun er virksomheter som driver næringsvirksomhet, som kan ha registrert opplysninger om prokura. Sokn eller kirkelige fellesråd kan derfor ikke lenger ha registrert prokura.

Dette innebærer at dere alle vil få melding gjennom Altinn om å godta vervet som medlem i fellerådet eller vara.

Kirkevergen gjør klar nødvendig dokumenstasjon (protoll var valget) og registrerer dere i Altinn. Deretter må dere bekrefte vervet til Brønnøysund gjennom Altinn. Vi kommer med en tydelig oppskrift på dette når vi har alt klart og det sendes ut.

Det samme vil gjelde for soknråd, så de fleste vil få dette både fra soknet og fra fellerådet, og må respondere begge steder.

Protokoll: Time kyrkjelege fellesråd onsdag 28. januar 2026

Navn

Tordis Sandvik

Dato

2026-02-03

Navn

Lars Tore Helgeland

Dato

2026-02-04

Identifikasjon

 Tordis Sandvik

Identifikasjon

 Lars Tore Helgeland



Dette dokumentet inneholder elektroniske signaturer som bruker EU-kompatible PAdES - PDF Advanced Elektroniske signaturer (forordning (EU) nr. 910/2014 (eIDAS))